

Arvola - 70

JO TURTUMØYGARD:

FØRSTE SEPARATOREN I LIA I LOM EIT TIDSBILETE FRA 1905

Han Jehans Flatmo, eller Fladmoe som han skreiv seg, kom att frå ein bygde-auksjon, og hadde med seg noe som heitte separator! Denne skapningen var kome frå prestegarden i Lom, men der hadde han skapt seg så galen, at det var ikkje råd å ha han i hus lenger, etter han ein gong var ute etter hovudet åt prestefruga, men skaut bom. Presten vart så kokande sint, at han kasta separatoren på garden, og såleis fanst han att på auksjonen og på den måten fekk han Jehans separator, og vart framstegsmann av dei første i bygda. Ja, han vart i grunnen betre enn presten.

Denne separatoren var på ei karshøg og vog sikkert så mye som ein vaksen kar. Kula var på storleik og form som eit toliters norgesglas, og så sat ho på ein lang stett, og vog minst 7—8 kg.

Svelva var som på ei stor truskarmaskine, og når ein slepte ho, når separatoren var i fart, gjekk ho med rundt og slo omkring seg, så det var livsfarleg å koma i nærleiken.

Han Jehans sette opp separatoren i søre stua, for ho stod tom. Han tok eit stort hol på golvet og grov seg ned på jordfast stein og sette ein stor stabbe nedi, og skruva separatoren på denne. Og så brukte han vaterpassar, så alt vart beint. Sette store jernboltar gjennom vegg, så alt stod som i berg. Så kledde han alt inn med tums-bord frå golv til tak, så berre sveiva gjekk utanpå. Separatoren fekk altså eige rom, på vona om han tok til å yppe seg att.

Han Jehans separerte til kvar dag, og vatt så sveitten rann, og separatoren gjekk som ei klokke, dura som eit trustarverk, og rista seg så stua skolv like før han stana.

Det kom snart folk frå heile grenda og ville ha igjennom mjølka si, og alt gjekk. Det var som folk vande seg til han, det såg verkeleg ut til at separatoren treivst betre ilag med Jehans enn med presten.

Så var det ein vårdag. Separatoren var nå ikkje meire folke-

stygge enn det glekk an for framant folk å koma inn i stua hans. Han Ola og han Eirik Rusten sat der og gjorde sko, både åt kar og kvinnfolk.

Han Jehans hadde fått ut sveitten og var i full sving med separeringa, og skomakarane drog bustleiva så det sat etter.

Da small det som tora, skulle siege ned heile huset, og etter på ramla det og skrangla i blekky ei lang stund. Og så vart det heilande stilt. Berre dei ikkje var klare alle tre der inne!

Da han Jehans fekk magna seg, var det eit skrøpeleg ruskehus! Mjølkk utover heile stua så det berre rann og klass. Gud fri oss kor det såg ut! Bordveggen framfor separatoren var sundknasa, så det var att berre bakstved, blekkyet låg bengla og sundknasa utover alle stader. Oppe i taket var det som det hadde fare ei kanonkule, og mildt bort på golvet stod sjølve separatorkula med piggen beint gjennom ei tjukk golvfjøl, og det var det ved ho ikkje hadde roa seg skikkeleg enda. Jau, nå hadde separatoren verkeleg synt fram purke-sinnet sitt att!

Han Ola og Eirik var søkkjande borte, dei hadde vorte så vettskræmde, at dei hadde teke hyven. Lasseklypa og ei halv-gjord skrå låg att ut i døraglomme, og ein kroksyl fanst att langt ut i garden.




Seint om sider kom folk til rettes att.

Men, du store min for ei avreie han Jehans fekk av kjerringa si! Hadde han ikkje ut att dette svineriet etter presten, så reiste ho på heilige flekkje, og kom ikkje att.

Du kan skjøne, han Jehans ville ikkje misse kjerringa si. Så måtte han skruve ned att separatoren og samle saman att skrapet. Og for å vera på den sikre sia, tok han og rodde alt saman midt sør på Vamtjørna og søkte det ende ned. Og etter den gongen har separatoren halde fred.

Dette hende om våren i 1905. Så du skjønar det er ikkje så styggelenge sidan!

★



Her er separatoren ferdig til bruk

Det finst fleire ulike modellar av separatarar. Dette er ein Alfa Laval.